

Emnenr. 76

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Utsira

Emne: Dei "Kloke"

Bygdelag.

Oppskr. av: Thoralf Kvalvik

Gard: Kvalvik

(adresse): Utsira

G.nr. 31 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Frametter i ein persons levetid er det jamt ein får høyra om ymse slag lækjarråder som folk i forne tider gjorde seg nytte av. Jamvel i vår bygd har ein tradisjon om det, men noko på prent om korleis desse rådene vart praktisert, finnest ikkje.

Endå lever her folk som minnest eit par koner som brukte å koppa og igla når det var nokon som hadde verk ein eller annan stad på kroppen. Verksemda dreiv ikkje baa konene på med samstundes, det var då berre ei i gongen, men det hövde so til at då den fyrste som dreiv med det fór over til Amerika, var det ei annan som tok fatt med det etter ho.

Det er pålag seksti år sidann dette gjekk for seg, eller rettare tok slutt, men noko magisk i samband med det var utenkjeleg, då både koppemekanisme og igle var bruksting ein såg og kjende fylgjene av, var det ikkje noko trollmanövve med det. Truleg spurdest det etter mod og gode nerver og ikkje verta mod - fallen om blodet rann.

Tingen dei koppa med var eit lite reidskap dei sette på der den sjuke hadde verk, og gav so eit lite trykk på redskapet som med det same gjorde ei rift eller kutt i huda at det blödde. Koppene dei då sette på der det blödde, var små hornstubbar dei med munnen saug fast over såret. Desse koppestubbane drog då blodet åt såret, og når dei so tok koppene av var det å turka av blodet som rann, for det var blodet som laga det vonde og måtte ut, anten det no var den sjuke hadde slege seg eller det var gikta som plaga ein. På same måte var det

15650

2

og gjort når den sjuke leid av watersoot, då var det vatnet som måtte ut.

Kva det no var dei la til grunn i diagnosen når det galdt anten å koppa eller igla, det kjenner ein ikkje til, i baa høve galdt det om å få blodet ut der det var vondt.

Kvar dei fekk tak ~~ik~~ iglane kjenner ein ikkje til, dei brukte å ha dei i eit glas vatn eller annan væska iglane kunde liva i, men fyrst når det at igl hadde so-ge seg full av blod, hadde dei han i eit fat med vatn der han tømde blodet utor seg.

Noko tilnemne om desse konene i å vera av dei kloke høyrde ein ikkje om. I intelligens var dei haldne som folk flest, helst i underkant av det, men dei var som sagt ikkje nerveveike, dei tolde sjå blod og vanta ~~ikkje~~ tiltakshug, noko lære i det hadde dei ikkje, det var noko dei sjölv tok seg til, truleg etter fyrst ha høyrd om det frå andre stader det var brukt.

Anleis var det med ein mann som jamt vart spurd til råds når det var noko som vanta, anten det no var menneskje eller dyr det var noko ilt med. Mannen hadde tiltru og var halden å vera ein intelligent og gild mann. Namnet hans var Svend Mikal Larsen Klovning, född på Utsira 3 feb. 1837 og døyde same stad 14 feb. 1914. Omframt å vera gardbrukar, var han og postopnar og telefonstyrar, den fyrste styrar i baa desse ting på Utsira.

Mikal Klovning - som han til vanleg var kalla, brukte korkje å koppa eller igla når det galdt eit sjukt menneskje. Det var vassomslag han greip til. Medisin til-laga av eit eller anna til innvortes eller utvortes bruk høyrde ein ikkje om han gav ordre til, det var anten kaldt eller varmt vatnomslag.

Ein mann som no er sjutieit år gamal fortel, at då han var smågut vart han med eit so bråsjuk, dei tenkte seg det var giktfeber han hadde fått. Dei henta då Mikal Klovning til han, som gav dei ordre til å prøva med varmt vassomslag, men då dette synte seg å gjera vondt verre, var han ikkje verre karen han skifte om frå varmt til kaldt omslag, og då vart det med eit ei lise og sjukdomen gav seg.

Kvar helst Klovning hadde lært kunsten veit ein ikkje noko om. Mykje truleg er det han har læse kunsten

kunsten til seg t.d.gjenom "Kneips Vannkur", ei bok som i den tid var i mange manns eige. O. Olviks "Min hjemmekur" kan det ikkje vera, den kom då ikkje ut før i 1916.

Men det var ikkje berre om hjelp til folk at Mikal Klovning vart spurd til råds, det galdt like mykje dyr når det var noko som vanta dei.

I hans levetid var det jamt ein høyrde om dyr som leid av noko dei kalla taurtenner, og som råd for det brukte han ei blanding sot og salt han gnika dyret i munnen med.

Sjukdomen arta seg på den måten at dyret hadde vanskar med å ernæra seg av høy eller anna stråfôr, og som dei skulda falske tenner - taurtenner var saka i. Tennene grodde og vaks utanpå dei naturlege tennene, slik at dyret hadde vanskar med å tygge foret, og med å gnike desse med ei blanding sot og salt dreiv ein dei attende.

Likeins hadde han ei annan råd når det galdt dyra, men kva det no var godt for veit ein ikkje. Det var å ta blodet under tunga som dei sa. Det var igrunnen ei vanskeleg oppgåve, tunga måtte sopass mykje ut or munnen at han fekk sjå blodårene under tunga, difor trengtest det godt ljøs at han jamnast tok dyret ut i dagsljøset når noko sovore skulde ordnast.

Han som skriv dette har sjølv sed Klovning utdretta ein operasjon av det slaget. Lækjaren var både stor og sterk, at for kua var det ikkje anna å gjera enn å gje seg for overmakta, og med ein lommakniv gav han dyret eit lite risp under tunga slik at det blødde.

Kva dette skulde hjelpe for veit ein ikkje. Det er truleg noko dei greip til når eit dyr synte vanntrivnad, og at det etter ei prøve eingong har gjeve bra resultat, men om det var av årelatinga kunde knapt nokon gje prov for. Det er sagt at litt årelating er ikkje av det vonde.

Me har ei segn om ein mann her som kom til byen for å snakka med dyrlækjaren om ei ku han hadde som vart sjuk og døyde. Fyrst fortalde no mannen om alle rådgjerda er som var brukt, og millom dei var det og han hadde gjeve kua sot og salt. Til det svara då lækjaren: "Ja, dø hun ikke før, så dø hun nu da". "Jagu dauga ho då", svara mannen.

Om Mikal Klovning er det og å segja, at det var han som vaksinerte borni og skreiv ut attest når potene

4
synte at vaksinasjonen hadde slege an. Beinbrot spjelka
han og om nokon hadde brote arm eller legg.

Det er lite truleg mannen hadde fått noko opplæring
i kⁿstene, meir truleg han på eiga hand har lese om so-
vore i böker og blar og av tiltöke prøvd seg fram. Han
var ein roleg og sindig mann, og derav fekk han tiltru
av folket, noko som og gjer sitt til at sumt kan lukkast.

Skal noko lukkast, må ein ha tru.

Til Norsk Etnologisk Gransking,

Bygdøy.

Eg legg ved eit bilete av Mikal Klovning, som eg har fått lånt hjå dotterdotter hans. Det er eit familjebilete og mannen som sit framst med krosslagde armar er Mikal Klovning.

Av elde er ikkje bilete godt, men ein vonar likevel De kan gjera bruk av det, og bad ho eg lånte det hjå om å få bilete attende.

Utsira 26/8-60

Med helsing

Norolf Klovning



Everett NF
Foto nr. 15650

15650